



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 17. juni 2026

Sak 2026/659 - Stedjeåsen Trakkarlag - org.nr. 920 257 178 - klage over vedtak om avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon

Medlemar i Lotterinemnda: Leiar Martin Hennig, og medlemane Renate Kristiansen og Joachim Amundsen Trana

Bakgrunnen for saka

- (1) Stedjeåsen Trakkarlag (heretter «klagar») søkte 30. juli 2024 om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2023. Søknaden gjaldt eit søknadsbeløp på 10 055 kroner etter forenkla modell.
- (2) Lotteritilsynet avslo først søknaden 17. desember 2024, med grunngiving om at søknadsgrunnlaget var under minstegrensa på 100 000 kroner ved forenkla modell, etter at det var gjort avgrensingar mot kostnader som ikkje kunne gje grunnlag for kompensasjon. Det blir vist til at det ikkje blir gitt kompensasjon for ny-, på- og ombyggingskostnader for bygg, anlegg eller annan fast eigedom som ikkje blir sett på som drifts- og vedlikehaldskostnader. Lotteritilsynet vurderte at mesteparten av kostnadane var knytt til innkjøp og montering av skilt langs ein tursti, og at dette var på- og ombyggingskostnader for anlegg. Etter at det var gjort avgrensing for kostnadene knytt til skilta, var søknadsgrunnlaget 4 279 kroner.
- (3) Stedjeåsen Trakkarlag klaga på dette vedtaket 5. januar 2025. Lotterinemnda avgjorde klagen i sak 2025/458, datert 3. november 2025. Lotterinemnda kom til at Lotteritilsynet ikkje hadde vurdert nærare om vilkåret «anlegg» etter forskrifta § 6 bokstav b var oppfylt i dette tilfellet. Saka blei difor sendt tilbake til Lotteritilsynet for ny behandling.
- (4) Lotteritilsynet behandla saka på nytt, og avslo søknaden igjen 10. desember 2025. Det blir vist til at omgrepet «anlegg» er definert som «en innretning av en viss økonomisk betydning som er beregnet å skulle forbli på same sted» i Skatte-ABC 2025/2026 punkt S-16-3.5. Lotteritilsynet viser også til rettleiaren til Kulturdepartementet, «Tilrettelegging av turveier, løyper og stier». Denne rettleiaren er ein av fleire publikasjonar som forklarar kva Kulturdepartementet definerer som idrettsanlegg. I rettleiaren er både turvegar, turløyper og turstiar omtalte som friluftsanlegg, og det er vist til at skilting og merking må reknast som ein ordinær del av opparbeidinga.
- (5) Lotteritilsynet vurderer at det er klart at ein tursti, som ikkje kan flyttast, må reknast som eit «anlegg». Det blir vist til at det må leggest til grunn at montering av informasjonstavler ved slike turstiar representerer ein verdiauke, uavhengig av kva informasjon som er gitt på informasjonstavlene. Informasjonstavlene er plassert i tilknytning til stien, og er ikkje tilfeldig plassert ute i terrenget eller annan stad. Dette er fordi informasjonen skal vere eit

Postadresse:

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse:

Vestre Strømkaiaen 13
5008 Bergen

Telefon:

+47 55 19 30 00

ekstra tilbud for dei som nyttar turstien. Lotteritilsynet kjem difor til at kostnadane til innkjøp og plassering av informasjonstavlene må reknast som ein påkostnad på eit anlegg. Ved at desse kostnadane går ut av søknadsgrunnlaget blir søknadsgrunnlaget lågare enn minstegrensa på 100 000 kroner ved forenkla modell.

- (6) Klagar klaga på vedtaket 29. desember 2025. Klagar meiner at stien til Stedjeåsen ikkje er «et anlegg som er en innretning av en viss økonomisk betydning som er beregnet å skulle forbli på samme sted». Klagar meiner dette har støtte i Skatte-ABC 2025/2026 punkt S-16-3.5 «Hva er anlegg». Det blir vist til at eit anlegg typisk er ein varig, fysisk installasjon eller eigendel som er meint for bruk over lengre tid, ofte knytt til ei næringsverksemd, som til dømes ein bygning, ei maskin, ein infrastrukturinstallasjon, eller ein del av ei større produksjonseining, og som er skattemessig relevant for avskrivning og verdifastsetting. Stien til Stedjeåsen slik den verkar i dag å ha komen i stand gjennom lang tids bruk gjennom at den er opptrakka av menneske, utan at den er opparbeidd eller det er gjort installasjonar som blir brukt i ei verksemd knytt til næring som kan kome inn under eller knytast til Skatteetatens omtale av kva som er eit anlegg i Skatte-ABC. Elles blir det vist til klagen i sin heilskap.
- (7) Lotteritilsynet fann ikkje grunn til å gjere om på vedtaket og sende klagen og dokumenta i saka med innstilling 13. mars 2026 til Lotterinemnda for behandling, jf. lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningsaker (forvaltningsloven) § 33.

Det rettslege grunnlaget

- (8) Det rettslege grunnlaget er forskrift 23. oktober 2018 nr. 1600 om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar (forskrifta). Forskrifta er nå oppheva, men var gjeldande for søknadsrunden 2024.
- (9) Ved søknad etter forenkla modell følger det av forskrifta § 7 at søknadsgrunnlaget skal bereknast av totale driftskostnadar etter avgrensingar og postar det skal gjerast frådrag for, jf. andre ledd og § 6.
- (10) Det følger av forskrifta § 6 bokstav b at det ikkje skal ytast kompensasjon for ny-, på- og ombyggingskostnadar for bygg, anlegg eller annan fast eigedom som ikkje blir sett på som drifts- og vedlikehaldskostnadar.
- (11) I forenkla modell må søkar har minst 100 000 kroner i søknadsgrunnlag, jf. forskrifta § 4 andre ledd.
- (12) Lotterinemnda kan prøve alle sider av saka, jf. forvaltningsloven § 34 andre ledd. Etter forvaltningsloven § 34 siste ledd kan Lotterinemnda treffe nytt vedtak i saka eller oppheve vedtaket og sende saka tilbake til Lotteritilsynet for heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemndas vurdering

- (13) Klagen til Stedjeåsen Trakkarlag gjeld vedtaket til Lotteritilsynet 10. desember 2025 om avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2023.
- (14) Som det er gjort greie for ovanfor oppheva Lotterinemnda Lotteritilsynets første vedtak i saka på bakgrunn av at nemnda kom til at Lotteritilsynet ikkje hadde vurdert nærare om vilkåret «anlegg» etter forskrifta § 6 bokstav b var oppfylt i dette tilfellet. Saka blei derfor

sendt tilbake til Lotteritilsynet for ny behandling. Lotteritilsynet behandla saka på nytt, og avslo søknaden igjen 10. desember 2025.

- (15) Lotteritilsynet har lagt til grunn i vedtaket at ein tursti som ikkje er flyttbar vert rekna for å vere eit anlegg. Lotterinemnda er ikkje einig denne vurderinga, og legg til grunn at ein sti som berre er opptrakka av menneske, utan nokon form for opparbeiding, ikkje er eit anlegg. Det omstende at det er etablert informasjonsskilt i tilknytning til den aktuelle stien, kan ikkje aleine føre med seg at stien skal reknast som eit anlegg. Lotterinemnda kan heller ikkje sjå at nemnda sitt vedtak i sak 2023/102 har overføringsverdi til inneverande sak. Vilåret i forskrifta § 6 bokstav b er difor ikkje oppfylte.
- (16) Søknadsgrunnlaget blir dermed høgare enn minstegrensa på 100 000 kroner ved forenkla modell, jf. forskrifta § 4 andre ledd. Søknaden må difor innvilgast.

Konklusjon

- (17) Etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, finn Lotterinemnda at det ikkje er grunnlag for å avslå søknaden, og at søknadsbeløpet skal innvilgast.

Vedtak

Klagen vert teken til følge, og heile søknadsbeløpet blir innvilga.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur